



Lindås VVS N.T. AS  
Pb. 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5174 - 14/19092

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2014

## Søknad om utsleppsløyve - gbnr 89/19 og gbnr 89/29- trong for tilleggsinformasjon.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for fritidsbustadar på gbnr 89/19 og gbnr 89/29 til felles avlaupsanlegg. Det er send inn ein søknad for kvar eigedom, men då anlegget er felles finn vi det føremålstenleg å handsama søknadane som ei sak.

Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding på søknaden.

Kommunen har gått gjennom saka og har følgjande merknader:

- Det er søkt om utsleppsløyve for gbnr 89/19 og 29 i separate søknaden. I søknadsskjema er det oppgitt at søknaden gjeld 4 fritidsbustadar. Anlegget sin storleik er oppgitt til 5 pe for kvar søknad og avlaupsanlegget sin kapasitet er oppgitt til 5 pe. Dersom utsleppet gjeld 4 fritidsbustadar må utsleppet sin storleik endrast og anlegget sin kapasitet aukast.
- Eigedomane ligg i uregulert område som er omfatta av kommuneplan 2003. Delar av tiltaket ligg i området som er avsett til LNF-føremål. Tiltaket vert også omfatta av byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag. Tiltaket er følgeleg ikkje i samsvar med gjeldande plan og treng dispensasjon frå arealføremålet og byggjeforbodet i 100-metersbeltet for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. I dette tilfelle vurderer kommunen at det kan gjevast fritak for ny nabovarsling i samband med søknad om dispensasjon, etter søknad.
- Nils Træland har signert på vegne av tiltakshavar. Det må leggjast fram fullmakt frå eigarane.
- Avlaupsanlegget og stikkledning for vatn berører fleire eigedomar. Det må dokumenterast rett til å leggja avlaupsanlegg og stikkledning over privat eigedom. Dette gjeld også gjensidig rett til å leggja anlegget over dei eigedomane som no søker om utsleppsløyve. Dersom eigedomane skal knytast til det kommunale vassverket via privat leidning må det dokumenterast rett til bruk av privat leidning.
- Reinsegrada for avlaupsanlegget er ikkje dokumentert og må ettersendast.
- Føretaket Lindås VVS Nils Træland AS har ikkje sentral godkjenning som ansvarleg søker. Det må søkjast om lokal godkjenning.
- Det ligg ikkje føre gjennomføringsplan for tiltaket. Denne må ettersendast.



Vi ber om tilbakemelding innan 15. oktober. Dersom vi ikkje mottek supplerande dokumentasjon innan fristen vert saka arkivert utan handsaming.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål i saka.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jan Herland

Granlien 48

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

**Mottakarar:**

Lindås VVS N.T. AS

Pb. 42

5951

LINDÅS